



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	25.09.2025
Møtetid:	10:15 -15:30
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Bjarte Andvik	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP

Kariann Ekren	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ivar Sleire Tenjum	Vebjørn Haugsdal	H
Britt Inger Myhr	Mariann Fløtre Andvik	AP
Marit Bjånes Bjørneklett	Ragnvald Tangedal	AP
John Torsvik	Kariann Ekren	H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
---------------------	-----------

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 51/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 52/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 17.06.25	
PS 53/2025	Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial	
PS 54/2025	Kraftmelding pr. 30.06.2025	
PS 55/2025	Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - høyring	
PS 56/2025	Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS	
PS 57/2025	Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt	
PS 58/2025	Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjekt	
PS 59/2025	Utbyggingsavtale Hosteland Vest	
PS 60/2025	Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune	
PS 61/2025	Sleire picobryggeri - søknad om støtte gjennom kraftfondet	
PS 62/2025	Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025	
PS 63/2025	Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025	
PS 64/2025	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025	
PS 65/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 17/2025	Rapport fra ressursgruppa for landbruket	
RS 18/2025	Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 16.09.2025	

PS 66/2025	Interpellasjonar og spørsmål
FO 3/2025	Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025
FO 4/2025	Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 51/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ordfører Erlend Kvamsdal (H) ba om at

- sak 58/2025 Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjektet vart flytta opp som sak 3
- sak 66/2025 Interpellasjonar og spørsmål vart flytta opp som sak 4

Kommunestyret støtta samla denne endringa i sakslista

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 51/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste med endringar nemnd over vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 52/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 17.06.25

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 52/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 17.06.25:

Møteprotokoll frå kommunestyret 17.06.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 53/2025 Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 53/2025 Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial:

Vedtak frå kommunestyret:

Finansrapport pr. 2.tertial/31.08.2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 54/2025 Kraftmelding pr. 30.06.2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 54/2025 Kraftmelding pr. 30.06.2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftmelding pr. 30.juni 25 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 55/2025 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - høyring

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande endringsforslag i siste setning:

- Frist for merknader vert sett til 17.november

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at følgjande vart endra før planen går ut på høyring:

- Endring i pkt. 3.3: Kommunikasjon og infrastruktur:
 - ...» på plass ei bru mellom Masfjordnes og Duesund» (her må andre som les planen gjenkjenne bruprosjektet, og offisielt namn på ferjeleiet må nyttast.)

Framlegg til vedtak med endringa frå Rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 55/2025 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - høyring:

Vedtak frå kommunestyret:

Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 – 2037 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14 sendt ut til offentlig ettersyn (høyring). Frist for merknader vert sett til 17.november.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 56/2025 Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at følgjande vart protokollert:

- Etablering av datalagringssenteret på Matre kan føre med seg både positive og negative sider. Ved ei slik stor etablering er det viktig at kommunen og innbyggjarane sine interesser vert ivaretatt så langt det let seg gjere. Masfjorden Ap har ikkje endringsforslag til avtalen, men ynskjer å få protokollisert ei oppmode til det vidare forhandlingsarbeidet om at rådmannen set ned ei forhandlingsgruppe som han leier, for å sikre mellom anna kompensasjon for brannstasjon, vaskeri til Einekavane, bruk av overskotsvarme, og tenelege lokale for heimetenesta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 56/2025 Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS:

Vedtak frå kommunestyret::

Masfjorden kommune godkjenner vedlagde opsjonsavtale med tilhøyrande kjøpekontrakt dagsett 28.08.2025 med selskapet KB Campus Matre AS.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 57/2025 Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 57/2025 Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for omsorgsbustader med personalbase på Hosteland. Prosjektet skal og vurdere det samla biletet når det gjeld omsorgsbustader i kommunen. Det vert løyvd kr. 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar.

Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa. Pensjonistlaga og Eldrerådet skal involverast i arbeidet.

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig i løpet av våren 2026.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 58/2025 Forprosjekt fleirbrukshall
- rapport etter arbeid med forprosjekt

Sweco Architects v/ Linn Skjold presenterte forprosjektrapporten.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at følgjande vart protokollert:

- Val av tomt til fleirbrukshall vart tilrådd i styringsgruppa / formannskapet ved handsaming 26.06, der det vart vedtatt å starte opp reguleringsplan for Hosteland Aust. I ettertid har me fått signal frå grunneigar om at dei er svært negative til dette valet av tomt og at dei motset seg det. Masfjorden Ap vil på peike at vi ikkje støtter ekspropriering av tomt A, dersom dette skulle bli aktuelt.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Masfjorden Ap foreslår at tomt B vert inkludert i det vidare utgreiingsarbeidet.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Masfjorden Venstre ber om at tomtevalg B vert tatt med vidare i forprosjektet saman med tomtevalg A. Dette fordi ein då kunne bruke eksisterande regulert areal. Og tenkje på bygningsmasse per i dag som kommunen innehar. Dette bør kunne foregå parallelt til reguleringsplan på høyring

Det vart bede om gruppemøter og møtet vart heva.

Etter gruppemøte trakk Ap og V sine framlegg til tilleggspunkt

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 58/2025 Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjekt:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret tar vedlagt rapport *Masfjorden kommune samanstillingsrapport 08.09.2025*, forprosjekt fleirbrukshall til vitring.

Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 08.09.2025

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 59/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest

Ordfører Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 59/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var inhabil sidan han er grunneigar i området.

Erlend Kvamsdal deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka og varaordfører Geir Egil Haugsvær (Sp) tok over møteleiinga.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 59/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune godkjenner utbyggingsavtale Hosteland vest, og løyver tilskot med kr. 3 mill.kr. (2026) med utbetaling ved oppstart av prosjektet og 5 mill.kr. (2027), finansiert med at utbyggjaren refunderer kr. 500.000 til Masfjorden kommune til medfinansiering av gangveg frå Ynnesdalskrysset til Fensfjordbygg, finansiert av posten etableringstilskotsordninga/bustadforemål i kraftfondet til Masfjorden kommune. Bruk av (bustad)fond. Finansiert elles av fortløpande tilknytingsavgifter til Masfjorden kommune.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 60/2025 Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 60/2025 Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune vert vedteke slik forslaget ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 61/2025 Sleire picobryggeri - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 61/2025 Sleire picobryggeri - søknad om støtte gjennom kraftfondet:

Vedtak frå kommunestyret:

Thor-Ole Vågene - Sleire Picobrygger får tilskot med kr. 150.000,-, gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt med produksjon av sider og juice av frukt frå eigen gard, produsert i eige siderhus på garden. Inntil 50% av tilskot kan utbetaltast ved oppstart, og resterande tilskot når prosjektet er fullført og godkjent prosjektrekneskap i tråd med søknad føreligg.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 62/2025 Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 62/2025 Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden 2025 vert godkjend og gjeldande frå dags dato.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 63/2025 Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025

Oppvekstleiar Wenche Daae møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 63/2025 Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Forskrift for Skulefritidsordninga (SFO) vert vedteken slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 64/2025 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 64/2025 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune godkjenner endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO»

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne innmelding av evt nye kommunar i samarbeidet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 65/2025 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar før kommunestyret starta:

- ressursgruppa for landbruket orienterte om rapporten dei har utarbeidd (skriv 1)
- oppvekstleiar Wenche Daa svarte ut spørsmåla til kvalitetsmeldinga frå juni-møtet
- oppvekstleiar Wenche Daa orienterte om verktøyet leseplan som kanskje skal takast i bruk i Masfjordskulen

Referatsaker:

- Rapport frå ressursgruppa for landbruket
- Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 16.09.25

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om tilbakemeldinga frå NGIR
- ordførar orienterte kort om møta med Skyss ang ferjeregularitet
- ordførar orienterte om at det er signert kontrakt om mobilmast på Mjanger
- ordførar orienterte om at søknad om støtte til ladestasjon på Sandnes er innvilga
- ordførar orienterte kort om status for nasjonalparken
- ordførar orienterte om at han har bede om utsett frist for høyringa for planane:
 - Regional plan for areal og mobilitet
 - Regional plan for verdiskaping og kompetanse
- Kommunestyret gav samrøystes Rådmannen fullmakt til å svare ut desse høyringane viss ikkje ein får utsett høyringsfristen.

Orientering frå Rådmannen:

- rådmannen orienterte kort om status for søknaden til bygdene Romarheim og Vikanes om å flytte over til ein annan kommune.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 65/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 66/2025 Interpellasjonar og spørsmål

3/2025 Spørsmål til ordførar og kommunestyre 25.09.2025

Ordførar Erlend Kvamsdal svara:

- Spørsmål 1. Viser til KS sak PS 57/25
- Spørsmål 2. Viser til KS sak PS 57/25
- Spørsmål 3. Brukarar som står på venteliste for omsorgsbustad vert følgt opp av heimetenesta. Hjelpebehovet avgjer oppfølginga. Aktuelle tiltak kan vere heimebesøk, medikamentstøtte, praktisk bistand, matombringning og ulike velferdsteknologiske løysingar.
- Spørsmål 4. Situasjonen ved sjukeheimen er endra i løpet av dei siste 2 md. Status pr. 23.september er at 4 av 31 rom er ledige. Avtale om leige av 1 plass ved Modalstunet er avvikla. Masfjorden sjukeheim har for tida ingen venteliste, og kapasitet til å ivareta behovet for korttid og langtids plassar.

04/2025 Spørsmål til ordførar og kommunestyret 25.09.2025

Ordførar Erlend Kvamsdal svara:

Spørsmål 1: Dette er ein privat reguleringsplan, som framleis er i oppstartsfasen, der det vart meldt planoppstart med høyringsfrist 30.06.25. Det betyr at det enno ikkje ligg føre noko planframlegg som kommunen er kjent med.

Spørsmål 2: Først. Det er ein privat frådelingssøknad på deler av området som er behandla administrativt i kommunen der statsforvaltar klaga på vedtaket. Kommunen har normalt ikkje noko verktøy når settestatsforvaltaren har gjeve endeleg avslag på ein søknad om løyve og dispensasjon frå LNF-føremålet til å dele frå og overføre ein eigedom. Her gjeld regelverket i plan- og bygningslova som alle må følgja.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 66/2025 Interpellasjonar og spørsmål:

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 3/2025 Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 3/2025 Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025:

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 4/2025 Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 25.09.2025 av sak 4/2025 Spørsmål til ordfører og kommunestyre 25.09.2025:

